



Arkivnr: 2014/10503-4

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Vurdering av om Deloitte AS er uavhengig i høve Hordaland fylkeskommune

Bakgrunn for saka:

I samsvar med forskrift om revisjon (revisjonsforskrifta) § 12 skal oppdragsansvarleg revisor for kommunar og fylkeskommunar ha ført ein heiderleg vandel. Oppfølging av dette kravet ligg til kontrollutvalet, jamfør merknader til nemnte paragraf. Jmf. revisjonsforskrifta § 15 skal oppdragsansvarleg revisor kvart år, og elles ved behov, gje ei skriftleg eigenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalet. Ansvarleg revisor hjå Deloitte, Helge-Roald Johnsen har no sendt over ei slik eigenvurdering dagsett 30.09.2014.

Deloitte har også vorte utforda på å legge fram opplysningar om ev. oppdrag ut over oppdrag frå kontrollutvalet. Sekretariatet har fått stadefesta frå Deloitte at slike opplysningar vil vera lagt fram i møtet.

Drøfting:

I kontrollutvalsforskrifta § 4 heiter det:

«§ 4. Tilsyn og kontroll

Kontrollutvalget skal føre det løpende tilsyn og kontroll med den kommunale eller fylkeskommunale forvaltningen på vegne av kommunestyret eller fylkestinget, herunder påse at kommunen eller fylkeskommunen har en forsvarlig revisjonsordning.

Utvalget kan ikke overprøve politiske prioriteringer som er foretatt av kommunens eller fylkeskommunens folkevalgte organer.»

Som det går fram av denne forskriften har kontrollutvalet ansvar for å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Kontrollutvalet si handsaming av ansvarleg revisor si eigenvurdering inkl. opplysningar om ev. oppdrag ut over oppdrag frå kontrollutvalet, vil vera ein lekk i å sjå til at fylkeskommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Dei spesifikke lovheimlar om uavhengighet, jf. kommunelova § 79, samt forskrift om revisjon, §§ 13-14, er medtekne i eigenerklæringa.

Sekretariatet kan ikkje sjå at det framkjem opplysningar i eigenerklæringa som svekkar Deloitte sin ansvarlege revisor sin uavhengighet i høve Hordaland fylkeskommune. På bakgrunn av dei

opplysningane om ev. oppdrag, ut over oppdrag frå kontrollutvalet som vert lagt fram i møtet, må kontrollutvalet gjera ei vurdering av om det kan svekke uavhengigheta til Deloitte.

Konklusjon:

Ut frå innhaldet i eigenerklæringa, vert det tilrådd å ta denne til etterretning.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå ansvarleg revisor Helge-Roald Johnsen, vedr. om Deloitte er uavhengig i høve Hordaland fylkeskommune, til etterretning.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg:

Uavhengighetserklæring 2014 frå Deloitte